

LINDÅS KULTURRÅD

Lindås kommune
Planavdelinga
v/Line Thuen Waage

22. juni 2017

UTTALE TIL HØYRINGSUTKAST PÅ KOMMUNEPLANEN SIN SAMFUNNSDEL

Lindås Kulturråd meiner mykje er bra i høyringsutkastet. Vi har imidlertid nokre forslag til endringar på den generelle frivillige informasjonen og nokre spesifikke kommentarar.

Generelle synspunkt:

Høyringsfrist: Lindås kulturråd meiner at administrasjonen i Lindås kommune ikkje vil treffe mottakarar av høyringsutkastet når prosessar vert lagt til sommarferien, jfr høyringsfrist 7. aug.

Lag og organisasjonar vil grunna dette ha vanskar med å ta saker opp til demokratisk vurdering i laget. Og dei vil ikkje kunne gje tilbakemelding på høyringsutkastet slik dei sjølv og administrasjonen ønskjer og forventar.

Frivillig sektor er ein vesentleg del av planen og mange er blitt høyrte i forkant, men omtalen av frivillig sektor samsvarer ikkje med omtalen innledningsvis (er mangelfull.)

Kommuneplanen fokuserer på folkehelse og frivillig sektor, og kulturlivet er sentralt på begge desse felt. Å delta i kulturelle aktivitetar fremjar fellesskap og bidrar til at folk trivst og kjenner at dei høyrer heime her. Kommuneplanen sin samfunnsdel bør verta meir konkret på *korleis kommunen* kan styrkja det bidraget kultursektoren gjev til god helse og deltaking. Vidare bør dei overordna måla i kulturplanen visa att i samfunnsdelen.

Dei overordna måla i kulturplanen 2010-2020 er:

- Kulturlivet skal vera inkluderande og for alle.
- Den frivillige innsatsen skal stå sentralt i kulturlivet.
- Lag og organisasjonar skal stimulerast og støttast.
- Bygdeidentiteten skal ivaretakast.
- Det skal leggjast til rette for gode oppvekstvilkår for barn og unge.
- Kulturtilbodet skal spegla kulturarven og samstundes vera nyskapande og synleg.

Handlingsdel: Innleiingsvis omtalast på side 4 «Kommuneplanen består av ein samfunnsdel med ein handlingsdel og ein arealdel.» Om det er meint at strategiane etter kvart mål i hovudpunkt 4 skal vere handlingsdel, så bør det kome betre fram. Det kan og verke noko uvanleg at heile handlingsdelen kun viser til andre planar.

Spesifikke kommentarar:

Side 5 – Frivilligheten.

Kommunal støtte er avgjerande for dei frivillige lag og organisasjonar og må aukast.

Side 9 – Kultur og frivillig arbeid.

Dette punktet må omtalast meir, sjå pkt. 12 i utfordringsnotatet som bør takast inn. Utgangspunktet er stor frivillig aktivitet både innanfor kor, korps, revy, idrett, barn og ungdom m.m.

Utviklingstrekk er nemleg noko anna: Vanskeleg å bli sett, vanskeleg å rekruttera folk til styreverv etc, dårleg økonomi og vanskeleg å skaffa sponsorinntekter. Mange lag og organisasjonar slit i dag. Det vert bygt mange fleirbrukshallar og skulebygg. Imidlertid er det ei stor utfordring for lag og organisasjonar å skaffe midlar til vedlikehald av eksisterande lagshus/samfunnshus etc.

Støtte og tilrettelegging av frivillige aktivitetar krev ofte økonomisk investering og oppfølging i langt større grad enn det tildelte kulturmidlar kan dekke. Imidlertid er det svært viktig at kulturmidlane aukar i takt med det som er vedteke i kulturplanen – nemleg 50% auke innan 2020 frå 2010 nivå.

Side 15 - Strategi nr 1

Her må bygging av regionalt **kulturhus i Knarvik** spesifikt nemnast, jfr kulturplanen.

Side 20 - Relevante planer (faktaboks).

Her må kulturplan og idrettsplan takast med.

Generelt om Attraktive nærmiljø: For lite fokus i tema og strategi på kultur, idrett, friluftsliv og møteplassar. Dette handlar om folkehelse.

Side 23 – I første avsnitt må **Knarvikmila** nemnast.

Dette er det største arrangementet i kommunen/regionen og ein kulturbærar. Likeins må Lindås idrettsråd og Lindås kulturråd omtalast på lik linje med Lindås ungdomsråd.

Side 24 – Tema kultur og frivillig arbeid.

Her bør leggst inn ein ny strategi om prosessen med bygging av regionalt **kulturhus i Knarvik**.

Side 24 – Tema kultur og frivillig arbeid – strategi 46

«*Ta vare på kulturminne, lokalt særpreg, språk og identitet.*»

Lindås kulturråd foreslår at kommunen lager ein «Målbruksplan».

Det viktigaste kulturelle uttrykket for alle menneske er språket. Dialekten og nynorsk er viktige kjenneteikn for innbyggjarane i kommunen. Språk og identitet er derfor relevante i den daglege verksemda i kommunen. Særleg for barn og unge er dette viktig. Det å vera stolt av eige språk styrkjer unge i ei tid då dei skal finna sin eigen identitet. Språk og identitet kan såleis ikkje handsamast separat i ein kulturminneplan.

Arbeid som tek vare på lokalt særpreg, språk og identitet er også viktig for å byggja bru mellom generasjonane. For å leggja til rette for at unge vert verande i kommunen etter endt utdanning (strategi 29), er det viktig at dei er stolte av plassen dei kjem frå.

Lindås Kulturråd stiller seg til disposisjon og ser fram til eit godt samarbeid i det vidare arbeidet.



.....
Einar Vatne
Styreleiar



.....
Per Ole Ekker
Sekretær